

Innspel til endring i skulestrukturen

Skule bør vere eit satsingsområde – og ikkje eit kuttområde

Vi ønsker at folk skal trivast i heile kommunen vår. Vi vil legge til rette for at dei som allereie bur her skal ha det bra, og at vi skal vere ei attraktiv kommune for tilflyttarar. Då må vi ha gode tenester nær folk. Dette gjeld ikkje minst nærskulen.

Rapporten viser at der ikkje er grunnlag for å legge ned skular i dag. Ulstein kommune må sjå kva moglegheiter som ligg i skulane, og ikkje berre sjå avgrensingar. Tenke framoverlena, og ikkje tenke negativt i forhold til folketalsutvikling. Vi må gjere vårt beste for å få opp folketalet og elevtalet i krinsane som står i fare for å miste skulane sine, og punkt 1 må vere å slutte å true med at dei kanskje mistar skulen sin. Ein må marknadsføre tomtene i heile kommunen, og sørge for å gjere sitt beste for å få fylt opp byggefelta, og selje dei byggeklare tomtene. Vi må fokusere på det som er viktig for dei som allereie bur i kommunen.

For dei som vurderer å flytte til Ulstein kommune – kva er viktig for dei? Dei må ha alternativ. Sentrum eller ingenting? Bør ein ha fleire alternativ innan kommunen? Folk er forskjellige, og vil bu ulike plassar. Ikkje alle ønsker å bu i sentrum. Då må vi legge til rette for bulyst andre stadar også.

Vi kan og bør ikkje kutte i skulestrukturen i ein bølgdal, vi må ha vere positive. Det bør satsast på ei positiv utvikling, og sørge for å vere attraktive for småbarnsfamiliar og slik sørge folkevekst. Vi er heldige i Ulstein som har både landlege og urbane kvalitetar. Husk på at samfunnsutvikling ikkje berre er bygg og anlegg i sentrum, men høgare livskvalitet og trivsel for alle innbyggjarane. Husk også på at det er våre eigne innbyggjarar, som framsnakkarar, som fører til at fleire ønsker å busetje seg her. «Her har vi det bra, kom hit til Ulstein du også!» Skulenedleggingstrugslar og stadige omkampar er ikkje god marknadsføring.

Det er viktig å behalde skulestrukturen, men også å behalde ressursane. Vi skal drive skulane vidare med god kvalitet! Sjølv om vi har mange utfordringar i framtida, med eldrebølga osv, må vi ha fokus på yngre folk også, særleg borna, og sørge for at småbarnsfamiliar ønsker å bu i Ulstein kommune. Dette fører til inntekter for oss.

For oss er det helt ulogisk at ein skal velje å legge ned Haddal og Ulstein skule. Dei har relativt nye skulebygg, med gode uteområde, og har plass til å byggast på. Dei har veldig godt universelt utforma skuleområde, både inne og ute. Det er derfor ironisk at ein skal flytte desse elevane frå sine skular, til to skular som både slit med plass inne og ute.

Konsekvensane for ein krins ved å miste skulane sine er store og alvorlege. Allereie i dag har mange problem med å få lån til hus i utkantane, og bustadane fell i verdi. Ein vil miste eit samlingspunkt i bygda, som skulen faktisk er. Haddal har skule og barnehage – og musikkorps, idrettslag og mange frivillige lag og organisasjonar nyttar skulen som samlingspunkt. Tilsvarande er Ulstein skule viktig for den krinsen, mellom anna på 17.mai. Og ikkje minst er det mogeleg å flytte krinsgrensene mellom Ulstein skule og Ulsteinvik barneskule, slik at fleire kan gå på ein mindre skule dersom dei ønsker det.

Når vi snakkar om skulestruktur er det viktig å ta med «barns beste». Er det til borna sitt beste at dei får lengre reiseveg til og frå skulen, og at dei uroar seg for om dei får gå i klasse med han eller ho dei alltid har kjent, og den dei leikar med dagleg, den som bur i nabohuset? For elevar frå Haddal, Garnes og Eiksund vil få klassekameratar som dei kun kan besøke på ettermiddag og helg dersom føresette kan køyre dei, i Hasund krins. Dette får konsekvensar for den enkelte langt utover det ein har diskutert hittil. Dette kan i verste fall føre til eit «oss og dei» - pga avstand og mangel på gang- og sykkelveg.

Likeverd i Ulstein – dette gjeld for alle – uansett kvar du bur. Du skal ha like mogelegheiter, det er ikkje plass til alle i sentrum. Ta vare på utkantane! Kva taper kommunen på at Ulstein og Haddal startar privatskular eller sender borna ut av kommunen til privatskular? Og kva med spesialundervisning – på ein liten skule er det lettare å sjå kvar enkelt elev. Eit vedtak om spesialundervisning vert ikkje nødvendigvis billigare om ein slår saman til større skular.

Nedleggingsspøkelset skaper ein sjølvoppfyllande profeti. Dersom vi trur på at folketalet i krinsane går ned, medan folketalet (dvs barnetalet) i sentrum går opp, er det fordi vi legg til rette for det. Kvifor ikkje snu denne trenden? Mange ønsker å bu i krinsane, og mange ønsker å ha barnet sitt på ein mindre skule. Men dersom ein heile tida er uroa for framtida til denne skulen, er det ganske tøft å skulle etablere seg med hus og heim, der alt er så usikkert.

La oss no få ro rundt denne saka, og ikkje ta den opp igjen før det vert grunnlag for det, dvs for lavt elevtal for vidare forsvarleg drift. Så lenge elevgrunnlaget for skulen er til stades (talfeste elevtal) skal denne saka leggast død. Dette må vere eit vedlegg til saka, slik at ein kan skape ro rundt dette, og vise at vi har tru på krinsane som no står i fare for å miste skulen sin. Det vil føre til at fleire tør å satse, og busetter seg i den bygda dei ønsker. Dette er berre positivt for Ulstein kommune. Alternativt kan dei kanskje velje nabokommunane dersom dei ikkje ønsker eller har råd til å bygge i Ulsteinvik sentrum.

Rapporten inneholder for lite om kva økonomiske konsekvensar det får for kommunen – på negativ side – kva kostar skyss, nedlegging av skular, sal av huset osv.

Både Hasund skule og Ulsteinvik barneskule er små, har lite areal til å bygge på, og lite uteområde. La oss heller fokusere på å gjere skulane vi har gode, i staden for å slå saman, i trua på at det løyser alle utfordringar. Utfordringa med for lite og for dårlig uteområde forsvinn ikkje om vi slår saman skulane, heller ikkje det dårlige ventilasjonsanlegget på Hasund skule.

Kommunestyret har sagt at dei ikkje ønsker å endre skulestrukturen, men i løpet av den siste perioden har saka kome tilbake ein eller to gongar pr år. Tyder det på at det er dei folkevalde eller administrasjonen som styrer kva som skal vere på agendaen? Vi må begynne å bruke energien annleis! No er det på tide å legge saka død, inntil elevgrunnlaget er så lavt at det ikkje er forsvarleg å drive skule. Men dit har vi ikkje kome i dag, og dit skal vi heller ikkje.

Dersom vi gjer slik dei folkevalde vil, og har fokus på bulyst, trur vi at elevtalet vil gå opp. Ein vil då få større klasser, større fagmiljø, meir skatteinntekter osv. Berre positive konsekvensar, både for kommunen og dei som bur i krinsen.

Styret i Ulstein Senterparti